



## Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2520 - 17/33959

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

22.11.2017

## Møtebok frå møte i FAU 21.11.17

### **Desse møtte:**

Stein Carlos Fyllingsnes, 8.

Susanne Rebnord, 8.

Jostein Stemland, 9.

Kari Zahl Nævdal, 10a

Randi Karin Senneset, 10a

Per Bjarne Styve, 10b

Solfrid Marie Hindenes, Ost U

Arne Riisnes, Ost U

**Forfall:** Eirin Erstad Sandvik, 9.

### **SAKLISTE**

#### **Sak 17 / 2017 - 18: Evaluering av temakveld 09.11.17**

**Sakførebuing:** FAU skipa til temakvelden 09.11. 17 der om lag 60 elevar og 60 foreldre samt 15 tilsette tok del. Tema: Relasjonar mellom unge og vaksne i heim og skule og samfunnet elles.

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** FAU evaluerte arbeidet og gjennomføringa av temakvelden og desse momenta må takast vidare:

- Temaet må takast opp i skulen og heimane slik at det vert aktualisert og at MOT - og relasjonsideane får spele ei rolle i dagleglivet til ungdom og vaksne.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



- FAU meiner at elevane fekk alle noko med seg sjølv om det vart noko langdrygt
- FAU ser at genren foredrag kan vere krevjande og set krav til både foredragshaldar og publikum.
- Temakvelden var rimeleg og det var eit vel sterkt eigenfokus.

**Vedtak:** FAU ber skulen ta opp og forsterke arbeidet med relasjonar og sosial kompetanse. FAU ber skulen og alle heimar kvar for seg ta opp både relasjonskompetanse og bruk av sarahah eller anonyme chattetenester. Skulen skriv på facebook og heimesida om dette siste.

### **Sak 18 / 2017 - 18: Nyttårsfesten**

**Saksførebuing:** Solfrid orienterte om tiltaket som elles er rimeleg godt kjend frå før.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning.

**Dette skjedde i møtet:** FAU ser fram til å få mail om arbeidet og framlegg til arbeidsfordeling i tiltaket.

**Vedtak:** 10.kl foreldra tek på seg jobben.

### **Sak 19 / 2017 - 18: KFU den 14.11.17**

**Saksførebuing:** KFU tyder Kommunalt ForeldreUtval. Dette forumet hadde møte 14.11.17. Carlos var forhindra frå å møte og rektor orienterte kort om eit par av sakene som han visste noko om.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning

**Dette skjedde i møtet:** STYRK er kodeordet for korleis ein ser før seg at skulen styrker den ordinære opplæringa slik at ein unngår å bruke mykje spesialundervisning. Forsking har vist at denne ofte er bortkasta tid og at elevane lærer best saman med klassen. Det er likevel slik at ressursane som no går til Spes.ped. bør følgje eleven over i klassen slik at det ikkje oppstår et vakuum eller elevar som treng det, vert fråtekne tilbodet sitt. Innsparing kan vere eit motiv for styrk, men helst ser ein det med sosiokulturelle briller: Elevar lærer saman med andre.

Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028 er eit lite hefte som er utvikla i skuleadministrasjonen. Det tek for seg heile utdanningsløpet frå 0 - 20 år. For skulen gjeld det at elevane skal ha det trygt og godt på skulen samt alt det faglege dei skal lære. Elevane skal lære i skulen.

Kvalitetsarbeidet er tilsyn av sentrale styresmakter, vurdering for læring, leselege planar, sosial læring, at elevane blir sett og forstått - kvar dag, god fagleg kvalitet på arbeidet, kunnskap - og mange andre element som gjeld skule: Godt læringsmiljø. Kvalitetsplanen er å finne på kommunen si heimeside.

**Vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning

#### **Sak 20 / 2017 - 18: Neste temakveld.**

**Saksførebuing:** Saka har modnast frå sist møte i oktober og FAU drøfta aktuelle tema.

**Framlegg til vedtak:** -

**Dette skjedde i møtet:** Til dette temamøtet tenkjer ein at Anne Nygård og politiet kan oppdatere foreldra på : Ung data og førebyggjande avdeling om situasjonen på rusfronten 2 datoar i veke 10 eller 11.

**Vedtak:** Skulen tek kontakt med Anne Nygård og politiet for å avklare datoar og melder tilbake til FAU.

#### **Sak 21 / 2017 - 18: Juleskulefrukost**

**Saksførebuing:** Frukosten er godt innarbeidd og fell på siste dagen før jul.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek på seg å skipe til juleskulefrukost.

**Dette skjedde i møtet:** FAU handlar inn (Kari og Randi). FAU skaffar 4 - 5 pers til å arbeide med koldtbordet 19.12. ca 1800 - 2000. FAU skaffar 4-5 personar til arbeide med maten 20.12. om morgonen 0730 - ca 1030.

Skulen ryddar til og ryddar opp i salen. Foreldra fordeler restane.

Skulen legg ved arbeids og handleliste.

**Vedtak:** Det skal bli juleskulefrukost.

#### **Sak 22 / 2017 - 18: Andre saker**

**Saksførebuing:** Det kjem på epost o.a. informasjon eller tilbod som FAU må kjenne til. Til denne gongen var det kome eit brev om skulemåltid på fastare basis.

**Framlegg til vedtak:** FAU ber KFU ta saka vidare.

**Dette skjedde i møtet:** FAU drøfta saka.

**Vedtak:** FAU ber KFU arbeide vidare med saka med sikte på utgreiing, finansiering og løyve.

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Medlemer og varamedlemer